Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44.

Tilleggsspørsmålnr. 7 og 8.

Emne: Remning og vadmel. Beregning ved veving.

Oppskr. av: Johanna Grimstad

(adresse): Grimstadhøgda Nordmøre

Fylke: Møre og Romsdal

Herad: Straumsnes

Bygdelag: — — —

Gard:

G.nr. 28 Br.nr. 21 & 22.

× A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. + mor og bestemor født 1835

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) mor 1868 bondekoner i Straumsnes. eg: 1899.

SVAR

1 Vevmåter til mannsklæde:

Vadmel („vemmål") til tröye, lerok, „vest (brystdük") snöhoser — 3 skaft og 4 skaft. Til högtidsbrük helst 4 skaft vemmål, kvitt i veven, farga blått eller svart, og klædesbereda. Ryggstykket på brystdüken, (vesten) var ufarga.

Kvardagsklæda var av grått 3 skaft vemmål. Det var samenkarda saüsvart og kvit ull, eller berre saüsvart

2 Kvinneklæde: Kjole av verken, üllflanel, eller halvüll. Küfte av verken, = 4 skaft vend-ty.

Högtidsplagg helst av verken i ymse farger, svart, blått, brunt. Ull-flanellen = 2 skaft, eller „Volmerdük" = 4 skaft - 2 tröer „ofte med store ruter i fleire farger, som grått og svart, brunt og raudt, raudt og svart

10187

Dersom det var berre to farger, var det oftast vove i kvitt og svart, og så farga etterpå, til den kulören eller farga ein ville ha, som grönt, raudt, fiolet, blått.

Forklær vart ofte vovne på den måten, at <u>fint</u> einfeta kjoletøy vart randa i ymse farger, ordna i høvelege border. Desse kunne vera svært vakre.

10187

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10187

2 Kufta var svart eller blå i verken = 4 skaft vendty, og kladesberedd. Snøhoser: svart eller blå av same stoff.

3
a. Undertøy for menn: Skjorte av lin eller bomull, 2 skaft. med kvitsaum Utapåskjorte av ullflanel, eller halvull = bomullsrenning, ull innslag, denne var raud eller grå. Til sommarbruk: Stripa (randa) bomullstoff til utapåskjorte. Underbukse: kvit eller grå ullflanel eller halvull.
Når ein vove skjortestoff var det vanleg å randa noko av dette til sommar-utapåskjorte, da vart breidda på veven, øyge-med på skjorta.

b. Undertøy for kvinner: Skjorte av lin offe lin berre ovantil, bomull nedanfor midja. = Opplut og nerdel. Skjorta var det mykje kvitsaum på - Nordmørssaum. Snørliv av 4 skaft lin eller bomullstoff om sommaren, verken = 4 skaft ulltøy til vinterbruk. Underskjørt av kvit flanel, 2 skaft ulltøy, om vinteren. Bomull fiskebeinsvevnad til sommarbruk, dette var nr. 1. Underskjørt nr. 2, var av raud ullflanel, eller til kvardags grå, altid med pynteband

10187
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

i anna kulør. I bestemor si tid brukte ikkje kvinnerne underbukse, sia var det bukse av ull flanel om vinteren, og 4 skaft bomullty om sommaren.

4. Sengomheng: Randa halvullty i friske farger, mykje raudt.

5. Sengetøy: Laken av lin eller bomull, 2 skaft, til sommarbruk. halvull, 4 & 2 skaft til vinterbruk. Putevar lin eller bomull. Putetrek; randa dynevar i ull eller bomull, - vanleg dynevar vend. Likeins til bolster. Til dyner var tett 2 skaft ullty med tunkte figurer mykje i bruk, eller det var randa i friske farger. Omframt åkla til sengeteppe, var det i bruk skorpeta vend tyteppe. overbreidsle, i 8 skaft.

6. Duker: Dreiel, skorpeta, og byggkorndreiel, gåsauga, ringvend. lin og halvlin.

7. Handklar: 4 skaft vanleg, fiskebein og dreielsmønster.

8. Åklar: Nordmørsåkla, tjukk-åkla, 4 skaft, fleire farger sammen. Tynnåkla, bomulls eller lin-renning, ull innslag til begge.

10187

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10187

8 I tjukk-åkla syner berre innslaget
i tynn-åkla syner og renninga,
men innslaget gjer mönsteret. I desse
var innsnetta blomster = i avvikende
kulör, som grönt og blått på raudt.

9 Som overbreidsle var det mykje
brukt ryer. Desse var randa på
slett sia, dei vi har var gråbrune
med fiolette (mörk) render i bestemt
mönster. No er dei brukt til
sledefeller m.a.

10 Stor-törkler i staden for kufte eller
kåpe. Desse var i 4 skaft ofte med
border og fakr. = renningen vart
sammensöima ved bryjing og slett
på plagget.

11 Ovne band til belte, til prydlinne
for småborn dåpsdagen
og til brukseseler og hoseband.
Desse banda til belte har eg
ikkje set maken til andre stader
mönstera skifter i heile bandet,
som kan vera 2 m. langt eller lett meir.
Mönstra minner om Nordmörssaumen (den stiliserte).
Hosebanda var smalare og vovne
i bandgrind.
Vanlege "linband" var vovne i
bandgrind, det var smågjente-
arbeid.
Bukseselebanda var "rosa"-band,
narmast som "smetting", men
ikkje i ruter.

10187

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING